

Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992.

Medlemmene i forumet er kommunane og dei 3 fylkeskommunane langs banen. NHO og LO i desse 3 fylka har møte og talerett i forumet.



Møtebok for AU-møte 16. april 2013 på Gardermoen

Protokoll frå: Møte i arbeidsutvalet

Møtedato: 16.04.2013

Tid: 1000-1330

Møteleiar: Mona H. Hellesnes

Møtestad: Radisson Airport Hotel, Gardermoen

Referent: John-Ragnar Aarset

Deltakrar: Mona H. Hellesnes, Kjell B. Hansen, Hans Erik Ringkjøb, Trond Johansen, Lars Kr. Olsen og John-Ragnar Aarset.

Forfall: Filip Rygg og Knut Arne Gurigard.

Matz Sandmann var bydd inn til å vere med og innleie til sak 11/13 om strategien etter Regjeringa sitt framlegg til NTP.

AU 10/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

Det vart sendt ut møtevarsel 27. mars. Innkalling med hovudpunkt til dagsorden; Vidare strategiarbeid, vart sendt ut 9. april.

Tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Vedtak: Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjente.

AU 11/13 FNB sin strategi etter Regjeringa sitt framlegg til NTP

Dagleg leiar la fram følgjande framlegg til drøfting, som strategi og handlingsplan:

Våre posisjonar og bodskap vidare:

- Vi er nøgd med satsinga på vestsida av fjellet; Ulrikstunnelen og Vossebanen
- Det må leggast opp til ein effektiv planprosess, utan ny KVU, for Ringeriksbanen
- Stortinget må ha som klar målsetting at Ringeriksbanen skal ha byggestart i 2018
- Ein bør vurdere statleg reguleringsplan for Ringeriksbanen, i tråd med ønsket frå Ringerike, Hole og Buskerud fylkeskommune
- (Ein bør vurdere alternativ organisering og finansiering av Ringeriksbanen)
- Det må byggast nye kryssingsspor – også i fyrste del av planperioden

2018 – den politiske syretesten

- Byggestart i 2018 for Ringeriksbanen bør etablerast som sjølve den politiske syretesten på om partia meiner alvor med å bygge Ringeriksbanen.

Kva gjer vi?

- Vi har eit prekært behov for å få klarheit i korleis Samferdselsdepartementet ser for seg at planprosessen for Ringeriksbanen skal drivast fram. Møte med politisk leiing har høg prioritet. Vi prioriterer å halde kontakt med statssekretær Bartnes.
- Uavhengig av møtet med politisk leiing, bør vi booke møter med dei ulike partifråsjonane i transportkomiteen, samt nøkkelpersonar på fylkesbenkane frå Hordaland og Buskerud.
- FNB er ikkje høyringsinstans i Stortinget. Det er berre fylkeskommunane og landsdekkande organisasjonar som er invitert til dette. FNB leverer bidrag som går inn i presentasjonane til Buskerud og Hordaland sine bidrag i høyringane.
- Aktivere LO og NHO i Hordaland og Buskerud til å lage ei uttale i tråd med våre posisjonar.
- Ta kontakt med partiorganisasjonane i Buskerud og Hordaland for å gjere kjent posisjonane våre og be desse påverke internt i partia sine. Dei partia som ikkje har halde landsmøter enda er særleg viktige, i den grad det er aktuelt å nemne Bergensbanen og/ eller Ringeriksbanen spesifikt i stortingsprogram og/ eller fråsegner.
- Mediaframstøt både nasjonalt og lokalt i høve til Ringeriksbanen.

Tilråding: Den punktmessige gjennomgangen blir lagt fram for AU til open drøfting og legg grunnlaget for den endelige strategien for arbeidet vidare for Stortinget si handsaming av NTP denne våren.

Viktige moment frå ordskiftet:

- Ringeriksbanen er omtalt fleire stader i stortingsmeldinga, med ulik ordlyd. Det kan tyde på at saka ikkje var heilt ferdigdrøfta i Regjeringa.
- Alle som engasjerer seg i ordskiftet om Ringeriksbanen i Stortinget har eit oppriktig ønske om å få banen realisert. Vi må hjelpe desse personane med å vinne fram.
- Regjeringa seier at dagens plansystem ikkje er tenleg, men ho er halvhjarta når det kjem til reelle endringar.
- Den gamle KVU-en og planen for Ringeriksbanen er ubrukbar. Det har Regjeringa visst lenge, men har ikkje gjort noko. Uforståeleg at det har kome inn i NTP-en at det trengs ein ny KVU. Vi er svært skuffa over dette. Dette må vi greie å få omgjort.
- I det vidare må vi halde fast på byggestart i 2018. Det er enkelt å kommunisere, vanskeleg for politikarane å seie nei til og det legg føringar for at planprosessen må vere maksimalt effektiv.
- Vi treng å snakke med alle partia i den vidare prosessen i Stortinget, både fordi partia kan legge gjensidig press på kvarandre og fordi vi er avhengig av støtte i alle parti – med tanke på alle tenkelege regjeringskoalisjonar etter valet.
- Det må utarbeidast ein merknadstekst som er så offensiv som råd og som set byggestart til 2018, men merknaden må samstundes vere slik at den er uråd å seie nei til.

Vedtak: I tillegg til den punktmessige lista, blir det utarbeidd konkret framlegg til merknad, som det blir jobba for at blir teken inn i stortingsinnstillinga. Det blir gjennomført møte med nøkkelpersonar i alle partia på Stortinget.

Bodskapen i merknaden, og det som FNB skal söke å få fleirtal for på Stortinget, er:

- *Effektiv planprosess, utan KVU, for Ringeriksbanen*
- *Klar målsetnad om byggjestrart i 2018, jfr. NTP 2010-2019.*
- *Ringeriksbanen må dimensjonerast med intercity-standard, det vil seie med dobbeltspor og for hastighet 250 km/t, eller 200 km/t på delar av strekninga der det er fornøytig.*
- *Statleg plan blir lagt til grunn, slik Ringerike, Hole og Buskerud har teke til orde for.*
- *Vi syner til formuleringane i NTP-en om nye og lengre kryssingsspor på Bergensbanen og at fleire av desse må byggast allereie i fyrste delen av planperioden.*

AU 12/13 Godkjenning av møtebok frå AU-møte 5. februar i Bergen

Protokoll frå: Møte i arbeidsutvalet

Møtedato: 05.02.2013

Tid: 1400-1600

Møteleiar: Mona H. Hellesnes

Møtestad: Hordaland fylkeskommune

Referent: John-Ragnar Aarset

Deltakarar: Mona H. Hellesnes, Hans Erik Ringkjøb, Trond Johansen og John-Ragnar Aarset. Observatør Magnus Vestrheim.

Forfall: Filip Rygg, Kjell B. Hansen og Knut Arne Gurigard.

Sak 01/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Innkalling og sakliste vart samråystes godkjent.

Sak 02/13 Presentasjon av rapport frå COWI

FNB gav COWI Samfunnsøkonomi i oppdrag å greie ut samfunnsmessig meirnytte av å bygge Ringeriksbanen, samt å gjere ei samanliknande studie av å bygge dobbeltspor på strekninga Hamar-Lillehammer.

Leiar Bernt Sverre Mehammer presenterte resultata av utgreiinga, som mellom anna syntetiserte at meirnytta av Ringeriksbanen utgjer 7,4 mrd. kr. over 25 år – i hovudsak ved at arbeidsmarknaden på Ringerike blir smelta saman med arbeidsmarknaden i hovedstadsregionen. Den same nytta for strekninga Hamar-Lillehammer vart rekna ut til 4,2 mrd. kr.

Vedtak: Presentasjonen vart teke til orientering. FNB og COWI legg opp til felles mediestrategi for offentleg presentasjon av rapporten.

Sak 03/13 Nasjonal Transportplan

Dagleg leiar gjekk gjennom eit notat med oversikt over kva som var gjort sidan årsmøtet i oktober 2012, kva status Ringeriksbanen/ Bergensbanen har i NTP-prosessen og framlegg til strategi fram mot- og etter NTP-framlegginga.

Drøfting:

Det vart ytra ønske om hyppigare rapportering til alle medlemene i FNB, ikkje berre til AU, som synes å vere godt oppdatert og involvert i alle aktivitetar og prosessar.

Den politiske prosessen synes nå å vere løfta opp på underutvalsnivå. Det er vanskeleg å få innsyn i kva vurderingar som blir gjort.

Det mest trulege, og det vi kan håpe på, er at Ulrikstunnelen blir ferdigstilt, at Ringeriksbanen er med og at ein vil bygge fleire kryssingsspor.

Det er forventa at NTP blir lagt fram 15. eller 22. mars, rett før påske. Det er viktig å ha på plass alternative bodskap avhengig av ulikt innhald i NTP-en for Bergensbanen sitt vedkomande.

Vedtak: Den framlagte strategien med dei tillegga som kom fram i drøftinga, vert førande for det vidare arbeidet med NTP.

- Sak 04/13 Møte med Elisabeth Enger – kva ønskjer vi å få ut av møtet?
Møtet med jernbanedirektøren kom i stand ved at FNB vart inviter til å møte henne og nære medarbeidarar i Jernbaneverket i samband med at jernbanedirektøren har ein landsomfattande reiserunde.

AU drøfta kva ein ville få ut av møtet med Enger seinare same ettermiddag:

Det er naturleg at vi i møtet med jernbanedirektøren prøver å få vite mest mogleg om hennar vurde-ringar av Bergensbanen sin posisjon i departementet, vidare planprosess for byggetiltaka på Bergens-banen og tidsperspektiva for dei ulike prosjekta.

Det er også viktig å få synspunkt på den planprosessen som FNB har spelt inn til SD på planframdrifta for Ringeriksbanen; Gå vidare utan KVU og byggstart i 2018 samt statleg reguleringsplan; Har JBV kapasitet til å halde full framdrift og ønskjer JBV å leie ein statleg reguleringsplan?

Vedtak: Dei nemnte tema vart teke med vidare til møtet med jernbanedirektøren.

- Sak 07/13 Rekneskap 2012
Dagleg leiar orienterte om at Hordaland fylkeskommune nå har fått overført rekneskapsføringa og økonomihandsaminga for FNB frå Regionrådet for Hallingdal, som har hatt dette dei siste åra.

Årsmøtet handsama førebels rekneskap for 2012, men Hordaland må levere endeleg rekneskap for året. Dette ligg ikkje føre enda, og ein må prøve å ha dette klart til neste AU-møte.

Vedtak: AU tok dette til orientering.

- Sak 08/13 Budsjett 2013 – økonomisk status
På same måte som det ikkje ligg føre endeleg rekneskap for 2012 enda, og Hordaland fylkeskommune nyleg har fått overført økonomiføringa for FNB, ligg det heller ikkje føre rekneskapsutskrifter for 2013.

Dagleg leiar meiner utgiftsbruken ligg innafor dei økonomiske rammene.

Vedtak: AU tok økonomiorienteringa til orientering.

- Sak 09/13 Eventuelt
Ingen saker.

Tilråding: Møteboka frå AU-møtet 5. februar vert godkjent.

Vedtak: *Møteboka frå AU-møtet 5. februar vart samrøystes godkjent.*

Saker som ikkje vart handsama på AU-møtet 5. februar i Bergen

AU 05/13 Godkjenning av møtebok frå AU-møte 29. oktober 2012

Protokoll frå: Møte i Arbeidsutvalet

Møtedato: 29.10.2012

Tid: 19.30 (arbeidsmiddag)

Møteleiar: Mona H. Hellesnes

Møtestad: Highland Hotell, Geilo

Referent: John-Ragnar Aarset

Deltakrarar: Mona H. Hellesnes, Hans Erik Ringkjøb, Trond Johansen, Filip Rygg, John-Ragnar Aarset, Magnus Vestreheim

Fråvær: Kjell B. Hansen, Lars Kr. Olsen og Knut Arne Gurigard

Sak 36/12: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Innkalling og sakliste var sendt ut på e-post 26.10.2012. Møtedato vart vedteken på førre AU-møte, 15. oktober 2012.

Vedtak

Innkalling og sakliste godkjent

Sak 37/12: GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 15.10.2012

Vedtak

Protokollen godkjent.

Sak 38/12: ÅRSMØTESAKER

Forslag til årsmelding, rekneskap for 2011 saman med revisjonsmelding, revidert budsjett, endring av vedtekten og handlingsplan for perioden 2012-2014 vart sendt ut på e-post 22. oktober 2012.

AU gjekk gjennom årsmøtepapira og såg til at alle dokument var komplette og riktige.

Vedtak

AU legg årsmøtepapira fram for handsaming og vedtak i årsmøtet.

SAK 39/12: OPPFØLGING AV MØTET MED SAMFERDSLEDEPARTEMENTET OG STRATEGI FOR PÅVERKNAD FRAM MOT NTP-FRAMLEGGING OG VEDTAK

Dagleg leiar la fram eit internt notat, som han ba om tilslutnad om at kunne tene som arbeidsdokument for det vidare arbeidet med fire hovudpunkt; Påverknad av Samferdsledepartementet/ Regjeringa, påverknad av relevante samfunnsaktørar, medietiltak og politisk dynamikk samt befolkningsengasjement.

Vidare var ein samd om at det måtte utarbeidast tekstinnspel til SD snarleg om Ringeriksbanen. Knut Arne Gurigard, Lars Kr. Olsen og John-Ragnar Aarset er i gang med dette.

I drøftinga i AU vart det stilt spørsmål ved om vi har tilstrekkeleg av utgreiingar som syner alle positive effektar knytt til Bergensbanen og Ringeriksbanen.

Vidare var ein samde om å løfte fram poenget om at Ringeriksbanen eignar seg særskilt godt for alternativ organisering og finansiering.

I drøftinga om kven vi har behov for å pleie nærmare kontakt med i tida som kjem, vart det særleg peika på Jernbaneverket med jernbanedirektøren og NSB.

Vedtak:

AU slutta seg til at strateginotatet og dei poeng som vart tekne opp i drøftinga, er førande for det vidare arbeidet. Knut Arne Gurigard, Lars Kr. Olsen og John-Ragnar Aarset sluttfører utkast til tekstinnspel til departementet om Ringeriksbanen.

Sak 35/12: EVENTUEL

Ingen saker.

Tilråding: Møteboka frå AU-møtet 29. oktober 2012 vert godkjent.

Vedtak: Møteboka frå AU-møtet 29. oktober 2012 vart samrøystes godkjent.

AU 06/13 Gjenomgang av årsmøtereferatet, 30. oktober på Geilo

PROTOKOLL

ÅRSMØTE 30. OKTOBER 2012

Møtestad: Highland Hotel, Geilo

Tidspunkt: Kl. 1100-1345

I starten av møtet vart det servert kaffi/mineralvatn og smørbrød.

Medlemmer tilstade på årsmøtet:

- Hordaland fylkeskommune: Fylkesvaraordførar Mona H. Hellesnes
- Vaksdal kommune: Ordførar Eirik Haga
- Voss kommune: Ordførar Hans Erik Ringkjøb
- Ulvik kommune: Hans Petter Thorbjørnsen
- Aurland kommune: Ordførar Noralv Distad
- Hol kommune: Ordførar Tony A. Kjøl
- Ål kommune: Ordførar Ivar Brevik
- Gol kommune: Hallvor Lilleslett
- Nes kommune: Ordførar Tor Magnussen
- Ringerike kommune: Ordførar Kjell B. Hansen og regionkoordinator Lars Kr. Olsen
- Hole kommune: Ordførar Per Berger
- Buskerud fylkeskommune: Leiari for Hovudutvalet for samferdselssektoren Trond Johansen
- Regionrådet i Hallingdal: Regionrådsleiar Knut Arne Gurigard

Forfall:

Bergen kommune, Flå kommune, Bærum kommune og Akershus fylkeskommune.

Frå observatørane:

Ingen.

Andre som var til stades:

- John-Ragnar Aarset Dagleg leiar i FNB

Ordførar i Hol kommune, Tony A. Kjøl, ønskte velkomen til Geilo og Hol kommune.

Leiar i Norsk Jernbaneforbund, Kjell Atle Brunborg, held innleiing ved starten av møtet om mogleg satsing på Bergensbanen i samband med Nasjonal Transportplan.

ÅM 01/12 Godkjenning av innkalling og sakliste

Mona Hellesnes sa at det ikkje var teke inn i sakspapira at ein må ha nokon til å underskrive møteboka. Ho gjorde framlegg om at årsmøtet vel Hans Petter Thorbjørnsen og Noralv Distad til å underskrive møteboka.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samråystes godkjent, og Thorbjørnsen og Distad vart samråystes valt til å underskrive møteboka.

ÅM 02/12 Godkjenning av protokoll frå omframt årsmøte i januar 2012

Vedtak:

Protokollen vart samråystes vedteke.

ÅM 03/12 Årsmelding 2012

Hans Petter Thorbjørnsen oppmoda om at alle møtepapira blir sett inn i eitt dokument for framtida.

Mona Hellesnes informerte om at Jan Hallvard Brekko, som har vore prosjektleiar i FNB i fire år, var invitert særskilt til årsmøtet, slik at vi kunne få takke han for innsatsen. Han hadde ikkje høve til å kome, men han er takka på telefon, og det er sendt ei helsing til han.

Hellesnes takka og Magnus Vestrheim, som har fungert som sekretær for FNB etter at Brekko sluttta.

Vedtak:

Årsmeldinga slutta seg til oppmodinga frå Thorbjørnsen og takken til Brekko og Vestrheim. Årsmeldinga vart samråystes godkjent.

ÅM 04/12 Rekneskap 2011

Hellesnes informerte om at rekneskapen blir overført som eit prosjektrekneskap frå Regionrådet for Hallingdal til Hordaland fylkeskommune, ettersom Hordaland fylkeskommune har det administrative ansvaret for FNB.

Vedtak:

Rekneskapen for 2011 vart samrøystes godkjent. Førebels rekneskap for 2012 vart teke til orientering.

ÅM 05/12 Budsjett 2013, medlemskontingent

Ivar Brevik stilte spørsmål om det burde gjerast ein innsats for å få Oslo og Sogn og Fjordane inn som medlemer i FNB.

Dagleg leiar informerte om at han vil ta initiativ til å få med Oslo og Hemsedal som medlemer i FNB. AU vil ta initiativ for å prøve å få Sogn og Fjordane inn som medlem.

Vedtak:

Budsjett for 2013, med framlegg til ny sats for medlemskontingentar vart samrøystes vedteke.

ÅM 06/12 Endring av vedtekten

AU fremja to endringar til vedtekten. Den eine gjaldt tidspunkt for årsmøte, der dette vart foreslått lagt sein på året, innan utgangen av november – for å ta høgde for endring i politisk samansetnad etter kommuneval. Den andre endringa gjaldt å ta inn handsaming av budsjett på årsmøtet, da dette er eit viktig styringsdokument.

Vedtak:

Begge vedtektsendringane vart samrøystes godkjente.

ÅM 07/12 Handlingsplan 2012-2014

Handlingsplanen hadde vore ute til godkjenning i medlemskommunane, men den var i utgangspunktet sett til å gjelde for 2012-2013. AU gjorde framlegg om at Handlingsplanen skulle gjelde for 2012-2014. I dette ligg at planen blir revidert på årsmøtet i 2013.

Under dette punktet presenterte og John-Ragnar Aarset seg som ny dagleg leiar i FNB. Han takka for tilliten og presenterte fire hovudpunkt for det strategiske arbeidet vidare mot framlegginga av NTP:

1. Kontakt mot stortings- og regjeringsapparatet
2. Alliansebygging og mobilisering av viktige samfunnsaktørar
3. Mediearbeid
4. Befolkningsengasjement

Vedtak:

Handlingsplanen, gjeldande for perioden 2012-2014 vart samrøystes vedteken.

ÅM 08/12 Val

AU innstilte på at vala som vart gjort på det omframme årsmøtet i januar 2012 vart gjeldande vidare fram til neste årsmøte.

Thorbjørnson understreka at han hadde tillit til det sitjande AU, men ønskte at det blir utarbeidd ei sak om val til neste årsmøte som sikrar kontinuitet i vervet.

Vedtak:

Årsmøtet slutta seg samråystes til AU si innstilling, og alle AU-medlemer og varamedlemer er dermed å forstå som valt fram til neste årsmøte. Årsmøtet slutta seg og til framleggset frå Torbjørnsen om at det blir utarbeidd ei sak om val til neste årsmøte, som sikrar kontinuitet i verva.

ÅM 09/12 Eventuelt

Knut Arne Gurigard sa at han forventa at ein nå ville legge fram ein konkret framdriftsplan med tids-punkt og ansvarsfordeling av aktivitetane.

Styreleiar og dagleg leiar kvitterte tilbake at dette vil bli gjort.

Oslo, 28. januar 2013

John-Ragnar Aarset

Dagleg leiar

Tilråding:

AU sluttar seg til møteboka frå årsmøtet og legg den fram for neste årsmøte til endeleg godkjenning.

Vedtak: AU sluttar seg til møteboka, ber om at den blir sendt underskrivarane og at ho blir lagt fram for årsmøtet for endeleg godkjenning.

AU 13/13 Eventuelt

Det var ikkje meldt inn saker til eventuelt.

Møtet heva kl. 1330

John-Ragnar Aarset

Ved møteboka